

HOVLAND

Kor lenge det har vore busetnad på Hovland veit ingen riktig sikkert, men ut frå bygdebøkene til Balestrand og Vik, veit vi at Hovland «lå øyde» i ca 200 år etter svartedauden (1347 - 1351). Det tyder på at det har vore busetnad her før dette. Ser vi på historia til Vik, så er det ikkje utenkjeleg at det har budd folk også her på Hovland sidan folkevandringstida (400 – 600 e Kr). At det var stor aktivitet og mykje folk i Vik under vikingetida er det ingen tvil om. Dette, i kombinasjon med namnet Hovland som kan visa til at det har vore eit hov her, og det at garden ligg 180 moh, understøttar vår tru på at det har budd folk her på garden dei siste 1 500 åra.

Den første bonden på Hovland som vi kjenner navnet på var ein Lasse, som heldt til på «Hoffland» i 1563, altså for 450 år sidan. Då var han leiglending her, og vi kjenner til han via skattelistene. Fire år seinare er det ein Antonus som held til her, om han veit vi at han svara 8 mrk talg og 1 geiteskinn i leiding, i tillegg til 2 mælar korn i kongetiende. Vi veit dermed at det var leiglendingar som dreiv Hovland i ein 300-års tid. Men kva var ein leiglending?

Kort forklart var det ein bonde som ikkje eigde jorda han dreiv sjølv. Ein grunneigar (godseigar eller landherre) leigde ut jorda si til ein eller fleire bønder, som vart kalt leiglending. Han kunne drive jorda som han ville, men ikkje skogen –den tilhørde grunneigaren. Ofte fekk leiglendingen også leiga hus av grunneigaren. Leiga vart betalt slik som Antonus gjorde det, med varer frå gardsdrifta I tillegg måtte leiglendingen skyss grunneigaren ved behov. Leiglendingordninga var vanleg heilt inn på starten av 1800 talet. Då vart etter kvart leiglendingane sjølveigarar; dei kjøpte jorda av grunneigaren. Ein årsak til dette var at godseigarane fekk økonomiske problem som følge av Napoleonskrigen som Danmark-Noreg vart trukken inn i. (Kjelder; kildenett.no Jusleksikon)

For 180 år sidan, i 1834, kjøpte Per Marcussen og kona hans, Lussi, Hovland gard inkludert ein husmannsplass. Dei vart dei første sjølveigarane på Hovland då dei kjøpte garden av Karen Fasting for 950 specidaler. Omrekna til dagens verdi var dette drøyt kr 200 000. Det må ha vore uhorveleg mykje den gongen, og vi veit ikkje sikkert kvar Per fekk så mykje pengar frå. Men vi veit at ein del grunneigarar ytte lån til leiglendingar som ville kjøpe jorda dei dreiv. Kanskje var det slik det gjekk til?

10 år etter at Per og Lussi kjøpte Hovland, vart det rapportert inn ei drift på garden som omfatta 12,2 daa bygg, 3,5 daa potet, 2 hestar, 18 storfe, 40 sauer, 6 geiter og 3 svin. Dette var i 1845. 140 år etter dette var det mine foreldre, Jorunn og Knut, som dreiv garden. Dei hadde då 50 vinterfora sauer og ein daa bringebær i tillegg til noko potet, bær og grønnsaker til eige bruk, og begge hadde jobb ved sida av gardsdrifta. Gardsdrifta vart for fyrste gong i historia ikkje lenger hovudinntekstkjelde for folket på Hovland.

Tilbake til Per og Lucci som var her for 180 år sidan. Dei to fekk ikkje eigne born, men arving til garden måtte dei jo ha. Dei fekk adopterte ei jente frå Tryti i Vik –ho heitte Anna og vart arving til Hovland. Per og Lucci fann ein høveleg mann til Anna på Ligtvor, den staute karen Tor Helgeson. Han fekk kjøpa Hovland i 1865 mot at han gifta seg med Anna. Men Per hadde omsut for søstera Brita og verbroren Sjur Lasseson, og sørga i same slengen for at også dei fekk eit livsgrunnlag. Den tidlegare husmannsplassen vart skild ut som eige bruk, og Brita og Sjur fekk eigen gard. Hovland, bruk 2. Dette var sikkert vel meint. Men av historia kan vi sjå at det nok var vanskeleg å livnæra seg på dette vesle bruket, då fleire eigarar på bruk 2 etter få år solgte garden vidare. I 1875 vart det meldt at drifta besto av 1,2 daa bygg, 2,1 daa potet, 3 kyr, 9 sauer og 1 gris. Dei må ha spist mykje potet der på garden.... Brita og Sjur sin son Lasse var ein av dei 3500 innbyggjarane i Vik som dro til Amerika og eigar nummer to etter Sjur og Brita reiste også til Amerika, etter å ha gitt opp på dette vesle bruket i 1893.

Tilbake til Per og Lussi igjen. Far til Per, Marcus, var gift to gonger og hadde i alt sju born. Per fekk garden og han sørga for at eine søstera fekk bruk 2, men resten av søskenflokket måtte greie seg sjølv. Ein av brødrene til Per, også kalt Marcus, dro til Amerika. Han busette seg i Frost i Minnesota. Der fekk han land, slik fleire hundre tusen nordmenn gjorde, og bygde opp garden Hoffland. I alt 750 000 nordmenn emigrerte til Amerika i løpet av 150 år. Berre frå Irland kom det fleire emigrantar.

Over 3 000 av innbyggjarane i Vik dro til Amerika. Kva var årsaken til dette? Komplekst, seier kjeldene. Fødselsoverskot, industrialisering, urbanisering, transportmoglegheit og ikkje minst «Homestead Act»; lova som opna for fri eigedomsrett til jord. Alle som ville busetja seg i Amerika og driva jordbruk fekk 650 daa jord til odel og eige, mot at dei busette seg på plassen og dyrka jorda i minst 5 år. Mine foreldre og eg har noko kontakt med vår Amerikanske slekt. Det er litt rart å sjå på eldre bilete at det er tydeleg familelikskap mellom ein av sønene til Marcus som dro dit, og min bestefar. Det skulle det ikkje ha vore, sidan Anna som er mi tippoldemor var adoptert. Tilfeldig? Kan det henge i hop med at Anna var i slekt med Lussi (niesa)? Kan Per ha hatt ein forbindelse til Anna som ikkje er kjend? Kan valget av Anna som adoptivdotter ha vore litt mindre tilfeldig enn vi trur?

Historia om Hovland før ca 1870 gir oss ein del faktainformasjon, men det er og mykje vi ikkje veit og aldri vil få vite. Min far Knut og hans søsken var mykje på Hovland under oppveksten i etterkrigstida, og dei har mange historier herfrå om både folk, dyr og drift av garden. Gjennom desse historiene kjenner me til liv og lagnad til mine oldeforeldre og deira seks born. Eldstesonen Tor, som er min bestefar, var den einaste av desse seks søskena som fekk born. Yngstedotteri Synnva gifta seg med apotekaren i Høyanger og dei fire ugifte søskena Per, Anna, Signy og Theodor dreiv Hovland gard vidare etter foreldra sine, fram til Jorunn og Knut overtok. Theodor er den eg hugsar best av desse

søskena og det er han eg har kalla opp Theodorhuset etter. Knut og Jorunn har lagt ned mykje arbeid på garden dei åra dei har drive her. Først og fremst har dei modernisert drifta, bygd ut skogsvegnettet og redda svært mange av bygningane på garden frå forfall. No er det min tur i lag med Geir til å finne vår plass og vår måte å ta vare på historia og tradisjonane og å drifta garden på eit slikt vis at framtidige generasjonar har moglegheit til å overta om dei skulle ynskje det.

Har du tenkt på at både norsk historie generelt og di eiga slektshistorie ofte har mykje fokus på mannfolk? Eg trur Hovland har vore ein «kjerringgard» med jamne mellomrom, sjølv om det ikkje er skrive mykje om dette. Fyrste gongen ein høyrer om at det er eit kvinnfolk som driv garden, er i 1601. Då var det ei enke som dreiv garden aleine, fram til ho fann seg ein ny mann. So var det Anna frå Tryti som vart odelsjente. Rett nok vart ho gift og dreiv garden i lag med mannen Helge. Men ho støtta kanskje Brita frå Tveiti som vart gift med sonen hennar, Per. Brita og Per er mine oldeforeldre og Per er mannen som fann på mange gode tekniske løysingar på Hovland. Men Per var også ordførar og Stortingsrepresentant, i tillegg til at han dreiv jektefart til Bergen. Så kva tid var eigentleg denne karen heime på garden? Han må ha vore mykje vekke, og det er naturleg å tenkje at det då var Brita som styrte garden.

Knut hugsar også godt at bestemora hadde stakittgjerde kring huset og portstolpar med blomsterpotter på om sommaren. Ho hadde kjøkkenhage bak Gamlestova og pleide å komme på «kaffibesøk» når Knut var på Hovland og bygde leikehytter på haugen bak huset. Kanskje var det ho som beordra dekormaling på taklistene og odring av dørene? Mellom linjene aner eg ei handlekraftig dame. Forteljinga seier at ho var fantastisk snill og eit varmt menneskje. Kanskje dette var gode leiareigenskapar når mannen var vekke, og bidro til at det var iverksett eitt og anna prosjekt? Kanskje var det ho som beordra nytt hus, etter å ha sett ungar til verda i Gamlestova som er ei røykstove med jordgolv? Kanskje vart dei samde om det, ho og Per, og så var det ho som leia arbeidet når han var på reise? Men kanskje det aller viktigaste poenget å ta med seg frå historia er evna til å setje seg felles mål og samarbeide og trekke lasset saman mot desse måla. Damenens tid på Hovland er i alle høve ikkje over. For på Hovland er neste generasjon arvingar rett og slett jenter.

November 2015, Kjersti Hovland.

